

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
016/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	16/230	16/1562

Planstrategi for Radøy kommune - revisjon for perioden 2016-2020 - oppstart av arbeid

Saksopplysingar:

Saksutgreiing:

Kommunen har plikt til å utarbeide planstrategi som skal vedtakast av kommunestyret innan eit år etter konstituering av nytt kommunestyre. Føremålet med planstrategi er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp, eller vidareføre, for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Arbeidet med planstrategi gjev nytt kommunestyre moglegheit for å vurdere og ta stilling til kva planoppgåver som er viktig å arbeide med i kommunestyreperioden.

Rettsleg grunnlag

Plan- og bygningslova § 10-1:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Framdrift og arbeid med planstrategi

Det er opp til kommunen å bestemme kor omfattande og detaljert planstrategien skal vere ut i frå kommunen sine behov.

Men kommunen har plikt til å hente inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør og leggje til rette for brei medverknad både internt og eksternt.

Staten og regionale styresmaktene har sine strategiar med mål og retningslinjer for arbeid som skal utførast i kommunane. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* av 12.06.15 gjev retningslinjer både for prosess og innhald i kommunal planstrategi:

De nasjonale forventningene skal også legges til grunn for statlige myndigheters medvirkning i planleggingen. Oppfølging fra alle parter vil bidra til bedre sammenheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og gjøre planleggingen mer forutsigbar og målrettet.

De nasjonale forventningene samler mål, oppgaver og interesser som regjeringen forventer at fylkeskommunene og kommunene legger særlig vekt på i planleggingen i årene som kommer. Forventningsdokumentet er retningsgivende for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunene og kommunene har ansvar for å finne helhetlige løsninger, der lokale forhold og lokalpolitiske interesser og hensyn ivaretas, sammen med nasjonale og viktige regionale interesser.

Forventningsdokumentet er ikke uttømmende for alle oppgaver og hensyn som kommunene og fylkeskommunene skal ivareta etter plan- og bygningsloven. Dokumentet må derfor sees i sammenheng med gjeldende regelverk og veiledning.

Første del av dokumentet omhandler gode og effektive planprosesser. Andre del omhandler planlegging for bærekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del omhandler planlegging for attraktive og klimavennlige by- og tettstedsområder spesielt.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging/id2416682/>

Hordaland fylkeskommune v/Fylkesutvalet har meldt oppstart på regional planstrategi for 2016-2020. Den regionale planstrategien vil gje føringar for kommunane sitt arbeid med planstrategi:

Reiskap for regionalt politisk leiarskap

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for regionalt politisk leiarskap. Gjennom regional planstrategi vil fylkeskommunen setja felles mål for utviklinga i fylket. Strategien skal fremja heilskapleg planlegging og samordning av sektorar og forvaltningsnivå og vere tilpassa dei særlege utfordringane i Hordaland.

Dagsorden for berekraftig utvikling i Hordaland

Strategien set dagsorden og påverkar prioriteringar dei neste fire åra i fylket. Planstrategien skal innehalde langsiktige utviklingsmål og kva for regionale planar som skal utarbeidast for å nå måla. Planstrategien er eit overordna dokument som skal leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd og anna offentleg planlegging og forvaltning i fylket. Internt strategiarbeid i fylkeskommunen vil i stor grad vera påverka av dette.

Utviklingstrekk og utfordringar

Regional planstrategi skal byggje på ein omtale av viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar for fylket og vurdere langsiktige utviklingsmogelegheiter. Fylkesrådmannen har starta arbeidet med denne delen av strategien gjennom faglege analysar og samrådsmøte med eksterne fagpersonar. Førebels er peikt på følgjande utfordringar som skal drøftast i sjølve strategiprosessen:

- relevant kompetanse
- grønt skifte i næringslivet
- effektiv og miljøvenleg transport og kommunikasjon
- eit inkluderande samfunn
- arealøkonomisering

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regional-planlegging/Regional-planstrategi-2016---2020/>

Vurdering:

Rådmannen rår til at arbeid med kommunal planstrategi vert starta opp og gjer framlegg om at det vert gjort oppstartsvedtak, og at det samstundes vert fastsett politisk styringsgruppe som skal følgje arbeidet.

Rådmannen vil leggje opp arbeidet slik at ein varslar oppstartsvedtaket på heimesida og i avisannonse, og oppmodar til innspel. Det er ikkje høve til å fremje motsegn til kommunal planstrategi.

Eit utfordringsdokument vert lagt fram til første møte i styringsgruppa.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med ein kommunal planstrategi vert starta opp og formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Formannskapet i Radøy - 018/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Arbeidet med ein kommunal planstrategi vert starta opp og formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunestyret i Radøy - 016/2016

KS - handsaming:

Normann Sæbø (H) understreka at reguleringsplanane er det viktigaste verktøyet politikarane har i

utviklinga av kommunen.

På vegne av Høgre og Frp kom Sæbø med følgjande framlegg:

Før oppstart og prioritering av planar og planarbeid, må kommunen invitera til eit eige oppstartsmøte, der kommunestyret, administrasjonen og evt. andre fagpersonar er til stades, og forklarar planprosessane og svarar på spørsmål. Dette er heilt nødvendig for å kunne ta stilling til planarbeidet og til kva planar og delplanar som skal prioriterast.

Ordførar Jon Askeland synest det er ein god tanke å gjennomføra eit temamøte i kommunestyret, i tråd med framlegget til H/Frp. Ordføraren ba om at framlegget vert oversendt administrasjonen utan realitetshandsaming, noko forslagstillar godtok.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Framlegg frå H/Frp vert oversendt administrasjonen.

KS - vedtak:

Arbeidet med ein kommunal planstrategi vert starta opp og formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Vedlegg:

Planstrategi Radøy kommune 2012-2016